



VINDAFJORD  
KOMMUNE

ETNE  
KOMMUNE



# SKULENÆRVÆR - KVAR TIME TEL!

Ein rettleiar for å førebygga og handtera skulefråvær



<https://pixabay.com/no/>

**Etne og Vindafjord kommune 2021**

Godkjent av

Gjeld frå 01.08.21



# Innhald

Innhald .....	2
<b>Til deg som tilsett i oppvekst .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Rett og plikt til opplæring .....</b>	<b>4</b>
<b>2. Ulike typar fråvær .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1 Dokumentert fråvær .....</b>	<b>5</b>
<b>2.2 Udokumentert fråvær .....</b>	<b>5</b>
<b>2.3 Skulevegning- problematisk skulefråvær .....</b>	<b>5</b>
<b>3. Utvikling av alvorleg skulefråvær .....</b>	<b>6</b>
<b>3.2 Funksjonar til problematisk skulefråvær .....</b>	<b>7</b>
<b>3.3 Den vonde sirkelen ved fråvær .....</b>	<b>8</b>
<b>3.4 Tidlege teikn på problematisk skulefråvær .....</b>	<b>8</b>
<b>4. Tverrfaglag samarbeid og teieplikta .....</b>	<b>9</b>
<b>5. Førebyggjande arbeid på skulenivå .....</b>	<b>10</b>
<b>5.1 Skulen sin handlingsplan ved fråvær og føring av fråvær .....</b>	<b>10</b>
<b>5.4 Systematisk oppfylgning av skulefråvær .....</b>	<b>11</b>
<b>6. Sjukdom med behov for å vurdera opplæring heime eller fritak frå opplæringa .....</b>	<b>12</b>
<b>7. Dokumentasjon ved bekymringsmelding til barnevernet .....</b>	<b>12</b>
<b>8. Vedlegg med verktøy til systematisk arbeid .....</b>	<b>14</b>
<b>8. 1: Sjekkliste for systematisk oppfylgning .....</b>	<b>14</b>
<b>8. 2: Risikofaktorar og beskyttande faktorar .....</b>	<b>15</b>
<b>8. 3: Elev, føresett og rollar i tverrfagleg samarbeid .....</b>	<b>16</b>
<b>8.4: Kartleggingssamtalar skule, elev og føresette .....</b>	<b>18</b>
8.4.1: Skulen si kartlegging og analyse av eleven sin situasjon .....	18
8.4.2: Eleven si stemme – skulen sin samtale med eleven .....	19
8.4.3: Føresette si stemme- skulen sin samtale med dei føresette .....	20
<b>8. 5: Samarbeidsavtale for skulenærvær – kvar time tel! .....</b>	<b>21</b>
<b>8. 6: Rutine for fritak frå opplæringsplikta ut frå opplæringslova §2.1, 4.ledd .....</b>	<b>23</b>
<b>8. 7: Eit utval av lovtekstar som omhandlar barneverntenesta .....</b>	<b>24</b>
<b>9. Gode nettressursar i arbeidet .....</b>	<b>26</b>
<b>10. Kjelder .....</b>	<b>27</b>



# Til deg som tilsett i oppvekst

Rettleiaren er laga for at du som tilsett skal kjenna deg rusta til å førebygga og handtera alvorleg skulefråvær. Felles haldningar om at kvar time og skuledag tel for den enkelte elev, er avgjerande for å lukkast i arbeidet. Framtidstru og pågangsmot smittar og er viktig. Skulen, i samarbeid med laget rundt eleven, er dei profesjonelle og har ansvar for å ta initiativ og samarbeida.

Dei to norske forskarane Jo Magne Ingul og Trude Havik, peikar på at grunnane til fråvær ofte er komplekse. Havik peikar på at individuelle faktorar og familiefaktorar også kan verta triggja av forhold i skulen som mobbing, eit dårleg læringsmiljø og høgt stress relatert til fag og aktivitetar i skulen. Begge viser til forskning om at konsekvensen av fråvær er kumulativ. For kvar dag som går, aukar mengda av risikofaktorar som gjer det vanskelegare å koma tilbake til skulen.

**Kvar time tel!** Det er viktig at alle har felles mål om at eleven skal tilbake til skulen fortast mogeleg for å vera der mest mogeleg; opplæring er viktig. Har ein elev sjukdomssymptom, skal eleven halda seg heime og kontakta lege ved behov for hjelp. Fråvær kan vera problematisk frå første time. Ein elev kan ha opplevd ei krenkande hending før skuletid. Skulen har ansvar for å lytta til eleven, avklara behov og hjelpa eleven til å stå i det som er vanskeleg. Er eleven feberfri og ikkje har omgangssjuka, er det til eleven sitt beste å gå på skulen. Det er viktig for eleven å ta kvardagen tilbake og trenar på det ein kjenner uro for, sjølv om dette kan vera krevjande. Dersom fråværet skuldast mistrivnad, må dette ryddast opp i. Løysinga er aldri å droppa ut av skulen.

## **Alle barn i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring.**

Å gå på skulen er svært viktig for den enkelte si helse, skulegang og framtidig arbeidsliv. Opplæringa har som mål å førebu og rusta barn og unge for møtet med samfunnet og utfordringar gjennom livet. Fullført skulegang er av stor samfunnsøkonomisk betydning. Tidleg innsats og vaksne sin vilje og evne til å samarbeida avgjer kor mykje skulefråvær kommunen har. Det betyr i praksis at føresette varslar om fråvær frå første dag eller time på alle trinn og at skulen har system for fråværshandtering. Førebygging og handtering av fråvær avheng av medviten haldning og effektiv innsats.

## **Stafettloggen**

Felles forståing av eleven sine behov, systematisk, målretta samarbeid og tett samarbeid med føresette, er avgjerande for at elevar som strevar skal få hjelp til å fungera godt på skulen igjen. Stafettloggen er verktøy i samhandling.

PPT har kartleggingsverktøy og prioriterer fråværssaker. Om ein ikkje klarer snu utviklinga med tidleg innsats, vil dette verta ei sak som krev felles løysing gjennom samtidig tverrprofesjonell innsats. Alle partar må ta aktivt ansvar for og bidra til at eleven kjem tilbake på skulen.

*Ølen 09.07.2021*

*Linda Dale Heimstad, Dagfinn Garnes Johnsen, Dan Jørgen Eide, Gro Anett Espevoll og Liv Ingunn Heie Medhaug*



# 1. Rett og plikt til opplæring

## **Opplæringslova §2-1 regulerer barn og unge si plikt og rett til grunnskuleopplæring i ti år.**

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretaast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring.

## **Eleven og føresette sine rettar og plikter og kommunen sine plikter**

Alle barn som oppheld seg i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Retten og plikta til grunnskuleopplæring kan oppfyllest på fire ulike måtar:

1. Offentleg grunnskule
2. Privat heimeundervisning
3. Privat grunnskule godkjent etter friskulelova
4. Privat grunnskule godkjent etter opplæringslova

Kommunen si plikt til å oppfylle elevar sin rett til grunnskuleopplæring vert omhandla i opplæringslova §13-1. Tilsvarande gjeld i privatskulelova §5-2, andre ledd. Opplæringslova § 13-10 og privatskulelova § 5-2 tredje ledd omhandlar ansvaret nærare. Foreldre står i utgangspunktet fritt til å velja korleis retten og plikta til grunnskuleopplæringa skal oppfyllest, men foreldre kan ikkje velja ein kombinasjon av desse.

Kommunen eller rektor kan gje ein elev permisjon frå grunnskuleopplæringa i inntil to veker. Føresetnaden er at det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Rektor kan ikkje gje permisjon utover to veker om gongen. Dersom foreldre ønsker å ta barna sine ut av skulen lengre enn dette, og dei oppheld seg i Noreg, gjeld reglane om privat heimeundervisning. Retten til spesialundervisning fell vekk ved privat heimeundervisning.

Hovudregelen er at det er kommunen som skal oppfylle retten til grunnskuleopplæring, enten det er ordinær opplæring eller spesialundervisning. Kommunen har difor eit oppfylgingsansvar dersom ein elev ikkje møter på skulen.

- Opplæring kan som unntak gjevast heime. Dette gjeld særleg ved overgang frå sjukehusopphald og der eleven ikkje er i stand til å fylgja ordinær opplæring. Tiltaket må vera avgrensa i tid. For elevar som nektar eller vegrar seg, kan opplæring heime vera ein oppretthaldande faktor.
- Fritak frå opplæring i fag eller frå all opplæring, etter opplæringslova §2-1, 4.ledd: «Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykkje frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis vedta å fritta ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det.» Eit slikt fråvær krev dokumentasjon frå lege og gjeld ved alvorleg sjukdom. Vedtak etter §2-1 4.ledd, kan gje barn og unge rett til å få opplæringa igjen. Kommunen har laga eigen prosedyre og vedtak vert gjort av kommunalsjef oppvekst.



## 2. Ulike typar frávær

Frávær kan delast i dokumentert og udokumentert frávær.

### 2.1 Dokumentert frávær

- Dokumentert frávær innvilga av skulen.<sup>1</sup>
- Dokumentert frávær av helsemessige årsaker, der foreldre har meldt frå til skulen<sup>2</sup>.

Det er berre desse fráværsgrunnane som vert godtekne i grunnskulen, grunna opplæringsplikta. Opplæringsplikta medfører at eleven i utgangspunktet skal delta i opplæringa. Dersom ein elev skal vera borte, skal foreldre ha søkt om permisjon. Permisjonen skal vera forsvarleg.



Kjelde: Trude Havik  
«Skolefravær»

### 2.2 Udokumentert frávær

- Frávær som foreldre ikkje har meldt frå om.
- Frávær som er av lengre varigheit enn det skulen har gjeve eleven permisjon for.

Det vert rekna som ugyldig frávær at ein elev kjem for seint, er borte enkelttimar utan permisjonssøknad eller vegrar seg/nektar gå på skulen.

### 2.3 Skulevegring- problematisk skulefrávær

Kommunen har ansvar for å oppfylle elevane si opplæringsplikt og opplæringsrett. Om eleven er lenge borte frå opplæringa, om det gjeld dokumentert eller udokumentert frávær, vert dette problematisk. Kommunen har difor laga retningslinjer og prosedyrar, slik at plikta kommunen har, skal verta ivareteken. Nokre elevar nektar/vegrar seg for å gå på skulen. Definisjonar har utvikla seg over år, der forskinga no har samla seg om omgrepet "Problematiske skulefrávær".

<sup>1</sup> Kommunen kan gje elevpermisjon frå grunnskuleopplæringa inntil to veker, jmf. Opplæringslova §2-11

<sup>2</sup> Når eleven er borte av helsemessige årsaker, er melding frå foreldre gyldig dokumentasjon. Skulen kan krevja legemelding for langvarig frávær, og foreldre og elev kan krevja at sjukefrávær ikkje vert ført på vitnemålet. I slike situasjonar kan ein elev verta fritteken frå opplæringa etter opplæringslova §2.1-4.ledd.



**Skulevegving** er i forskning definert som “Vegving initiert av barnet mot å gå på skolen, bli der hele skoledagen, eller en kombinasjon av begge” (Kearney 2001) eller “Vansker med å gå på skolen, assosiert med følelsesmessig ubehag, spesielt angst og depresjon” (King og Bernstein 2001). “Skolefobi er en spesiell form for emosjonell forstyrrelse”(Hertz 2011)

**Problematisk skulefråvær** vert av Kearney (2009) definert som:

- Fråvær 25% av skuletida dei siste to vekene
- Alvorlege vanskar med å gå på skulen i minst to veker der vegvinga påverkar barnet eller familien sin kvardag i stor grad
- Barnet har hatt 10 dagar eller 15% fråvær over dei siste 15 vekene.


### 3.Utvikling av alvorleg skulefråvær

Det kan vera fleire årsaker til at enkelte elevar utviklar problematisk skulefråvær og problematikken er som regel samansett (Ingul 2005). Vi veit at årsakene til problematisk skulefråvær både er individuelle og knytt til relasjon; ofte kan dei ikkje skiljast tydeleg frå kvarandre.

Problematisk skulefråvær rammar opp mot 5% av barn og unge. Dette medfører negative konsekvensar på kort og lang sikt for både barn og vaksne; også samfunnsøkonomisk. Problematisk skulefråvær er ingen diagnose, men bak denne unngåingsåtferda kan det skjula seg symptom som utgjer ein diagnose. Angstspekteret utgjer største gruppa og om lag halvparten av barn med problematisk skulefråvær opplever angstsymptom i ulik grad. På same tid har ein tredjedel ikkje ein diagnose (Kearney 2008). Det er like mange jenter som gutar som slit med problematisk skulefråvær (Kearney 2001). Det er ikkje funne samanheng mellom problematisk skulefråvær og sosioøkonomisk bakgrunn. Forsking peikar på at problematisk skulefråvær oppstår uavhengig av elevar sine generelle læreføresetnader (Thambirajah, Gradison & De-Hayes 2008). Problemet kan oppstå gjennom heile den opplæringspliktige alderen, med auka risiko ved skulestart, ved skulebyte, etter feriar eller etter periodar med sjukdom. Situasjonen kan oppstå gradvis eller meir plutselig.

Problematisk skulefråvær kan ikkje isolerast til eit enkeltstående problem for den enkelte elev, men må sjåast i samanheng med eleven sine relasjonar og totale opplærings situasjon. Ein får då eit bilete av ein problematisk skulefråværs situasjon med mange faktorarar. I eit heilskapleg perspektiv finn ein løysingane i samarbeid mellom elev, føresette, skule og eventuelt hjelptenester. Prognosen er betre dess raskare vanskane vert handtert og dess mindre fråvær eleven har frå skulen. Det er også betre prognosar dess yngre barnet er (Kearney 2001).

Problemet kan gå over av seg sjølv. Hovudregel er at det bør vera låg terskel for tidleg innsats. Det vil variera kor intensivt og kor lenge det er naudsynt å gjennomføra tiltak for å få ei positiv utvikling. Det er viktig å anerkjenna dei individuelle vanskane, og vera merksam på at partane rundt eleven både kan beskytta mot eller vedlikehalda problemet. Det er viktig at alle partar; elev, føresette, skule og eventuelt andre hjelptenester, bidreg til ei løysing ved å ta sin del av ansvaret. Å hjelpa eleven tilbake til skulen kan verka behandlande i seg sjølv. Der er viktig at ein leitar



Marit Tørstad 2010



etter gode tiltak tilpassa den enkelte situasjon og at ein unngår handlingslamming (Ingul 2005). Der er også særskild viktig å vera merksam på om foreldre har trong for styrking av foreldrerolla i situasjonen.

### 3.2 Funksjonar til problematisk skulefråvær

Kearney og Silverman (1996) meiner det er nyttig å sjå på kva for funksjon fråværet kan ha for den enkelte elev. Kva er det som bidrar til vansken eller kva er det som motiverer eleven for å fortsetja å vera fråverande frå skulen? Kearney og Silverman (1996) har delt funksjonen til problematisk skulefråvær opp i fire undergrupper, basert på barn og unge sin motivasjon for å unngå negative opplevingar og oppnå positive opplevingar. Dei fire gruppene er bygd på læringsteori. Læringsteori skildrar blant anna korleis åtferd vert oppretthalden og forsterka ut frå dei konsekvensane åtferda får.

#### Funksjonen til problematisk skulefråvær- fire undergrupper:

Unngå negative opplevingar	<b>1. Unngå stimuli som vekkjer negativ affekt eller emosjonelt ubehag.</b> Vegringa er knytt til generelt ubehag i skulesituasjonen; som til dømes skuleskys, korridorar, toalett eller rom på skulen. Ved å unngå skulen og den negative opplevinga, vert åtferda oppretthalden og forsterka. I nokre situasjonar vil ubehaget vera knytt til bestemte situasjon som eleven vil unngå, som skuleplassen, ein bestemt vaksen, gymsalen eller anna.
	<b>2. Unngår sosiale situasjonar eller evaluering som kan vera ubehageleg.</b> Ubehagelege situasjonar kan vera at lærar vert opplevd som streng eller uvennleg. Medelevar kan opplevast ubehagelege, vera brautande, dominerande eller støyande, Mobbing kan vera ein del av dette. Situasjonar som inneber evaluering, prøvar, høgtlesing, presentasjonar, kroppsøving og symjing, garderobe og dusj, eting og i situasjonar der ein elev må eksponera seg på ein eller annan måte. Nokre elevar har mykje fråvær frå timar med open struktur eller annleisdagar. Fråværet har ofte samanheng med generalisert og sosial angst.
Oppnå positive opplevingar	<b>3. Oppnå merksemd frå føresette eller viktige andre.</b> Eleven ønskjer vera heime for å oppnå merksemd frå føresette eller andre viktige personar. Dette kan påverka føresette si omsorg for søsken og kan påverka korleis føresette fungerer i eit arbeidstilhøve. Den positive konsekvensen av å bli heime vil oppretthald og forsterka eleven si vegring for å gå på skulen.
	<b>4. Oppnå gode utanfor skulen.</b> Eleven blir heime for å oppnå noko positivt. For mange barn og unge er det meir attraktivt å sjå på TV, vera på internett, spela PC-spel, liggja lenge om morgonen, shopping, rus m.m. Eleven ynskjer rett og slett fridom til å disponera si eiga tid. Den positive konsekvensen av å bli heime vil oppretthald og forsterka eleven si vegring for å gå på skulen.

*Oversikt basert på Kearney (2001)*



### 3.3 Den vonde sirkelen ved fråvær



Modell oversett frå Thambirajah m.fl.(2008:32)

Dei fleste elevar har fråvær frå opplæringa i løpet av grunnskulen. For nokre elevar vil fråværet på eit tidspunkt gå frå å vera naturleg til å bli problematisk. Konsekvensen av fråværet er at eleven misser undervisninga som eleven rettmessig har krav på. Alvoret aukar ved omfang av fråvær. Konsekvensen av ofte, eller langvarig fråvær, vil kunna føra til svake grunnleggjande dugleikar og læringsresultat. Dette kan på lang sikt redusera grunnlag for framtidig utdanning, arbeid, helse og livskvalitet.

**Målet er å få eleven tilbake på skulen så raskt som mogeleg - Kvar time tel!**

### 3.4 Tidlege teikn på problematisk skulefråvær

For å vera merksam på elevar som står i fare for å utvikla problematisk skulefråvær, er det viktig å kjenna tidlege teikn, årsaker, risiko- og beskyttande faktorar, vedlegg 8.2<sup>3</sup>. Dette gjev eit grunnlag for å tilnærma seg skulefråvær. I arbeid med denne problemstillinga, er det avgjerande kva haldningar den einskilde vaksenpersonen har til elev, foreldre og samarbeidspartar.

#### Alvorleg fråvær

- Forseintkoming, 3 gonger for seint pr. månad
- Fråvær 1 enkelttime utan melding
- Fråvær 3 enkeltdagar ein månad
- Høgt fråvær, meir enn 10 dagar i halvåret
- Eleven møter på skulen, men går igjen
- Eleven klagar over diffuse plager

#### Teikn hos eleven

- Er ekstremt innadvendt eller sjenert
- Er svært utrygg ved skulestart eller ved skulebyte der ordinære tiltak ikkje hjelper eleven
- Snakkar aldri høgt i klassen
- Snakkar ikkje med vaksne eller medelevar eller berre med utvalde vaksne eller medelevar
- Er ofte åleine i friminuttet

<sup>3</sup> 8.2: Risikofaktorar og beskyttande faktorar





- Er avhengig av at ein bestemt vaksen eller medelev er til stades i friminuttet
- Har ofte fysiske plager, for eksempel vondt i magen eller hovudet
- Gjev nonverbalt eller verbalt uttrykk for å vera nedstemt, viser redsel generelt eller viser redsel knytt til spesifikke situasjonar på skulen
- Trekkjer seg tilbake frå sosiale situasjonar/ og eller skulerelaterte aktivitetar
- Viser utagerande åtferd, for eksempel sinne i situasjonar som stiller krav i skulekvardagen
- Viser motstand mot å delta eller forsøker å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen (kroppsøving, tur eller liknande)
- Ringjer ofte heim i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av skuledagen


#### Uro hos foreldre

- Tek kontakt med skulen fordi eleven gjev uttrykk for ikkje å vilja gå på skulen
- Bli verande lenge i leverings situasjonen eller vil vera med inn i klasserommet utover det som er ordinære rutinar
- Ringjer eleven i skuletida gjentekne gonger for å sjekka at eleven har det bra

## 4. Tverrfaglag samarbeid og teieplikta

Uro for eit barn skal alltid drøftast med føresette. Det er viktig å løysa kvar sak på lågaste nivå og skal difor alltid prøva løysast gjennom godt samarbeid og kommunikasjon mellom heim og skule. Motløysa breier seg lett om ingen av tiltaka som vert prøvd, ser ut til å verka. Det å arbeida systematisk over tid og "løfta" i lag gjennom tverrfagleg samarbeid, samtidig, gjev best resultat. Tiltaka kan vera samtalar med elev, tilrettelegging på skulen, rettleiing av foreldre eller anna. Alle involverte instansar møter i ansvarsgruppe saman med føresette, og saka vert ikkje avslutta før eleven er tilbake på skulen. I det tverrfaglege arbeidet har ein ulike rollar, sjå vedlegg 8.3 <sup>4</sup>.

Teieplikta gjeld i tverrfagleg samarbeid. Foreldre har ansvar og mynde for eige barn. Om ein skal kommunisera eller samarbeida om eit barn, skal dette skje i forståing med foreldre/føresette. Om ein skal kommunisera eller samarbeida på tvers av tenesteområde, må ein innhenta informert og skriftleg samtykke frå foreldre/føresette. Ingen skal dela meir informasjon enn det som tener saka. Samtykkeskjema finn ein på heimesida til kommunen.



<sup>4</sup> Vedlegg 8.3: Elev, føresette og rollar i tverrfagleg samarbeid



## 5. Førebyggande arbeid på skulenivå

Skulen har ansvar for å utvikla og ivareta relasjon med elev og føresette og gjera ei aktiv kartlegging av skulekvardag og skuleveg. Føresetnad er også at skulen kjenner eventuelle spesifikke vanskar hos elevar og korleis dette kan verka inn.

### 5.1 Skulen sin handlingsplan ved fråvær og føring av fråvær

Det er skulen sitt ansvar å ha system for registrering av fråvær. Kontaktlærer har dagleg ansvar for at dette blir gjort og å ha oversikt over fråværet. Faglærarar har dagleg ansvar for å føra fråvær.

#### Kontakt mellom skule og heim om fråvær

- Føresette skal gje grunngeven melding til skulen ved alle typar fråvær i Visma-app.
- Foreldre skal søka eleven fri på førehand ved planlagt fråvær. Dei skal bruke søknadsskjema i Visma Flyt Skole.
- Kontaktlærer informerer heimen same dag ved alt ugyldig fråvær, det vil seia fråvær utan melding eller utan gyldig grunn. Avdelingsleiar blir informert.

#### Rutinar for oppfølging av alvorleg fråvær

- Skulen følgjer prinsipp, retningslinjer og tiltak knytt til problematisk skulefråvær.

#### Drøfting av fråvær

- Leiinga ved skulen går gjennom fråværsføringa og skulen sitt samla elevfråvær kvar månad.
- Når skulen har uro for fråvær hos einskildelavar, kallar leiinga inn kontaktlærer til drøftingsmøte der tiltak blir diskutert. Analyse og tiltak må setjast inn raskt.

### 5.2 Prinsipp og retningslinjer i førebyggjande arbeid

Rektor informerer føresette om gjeldande regelverk og om opplæringsplikta ved overgang frå barnehage til skule, ved overgangar gjennom skuleåra, til føresette og elevar som startar i løpet av skuleåret, til FAU, SU og gjennom skulen sine informasjonskanalar. Minoritetsspråklege foreldre må også sikrast slik informasjon. Krav til samarbeid med føresette, også varsling, er omhandla i forskrift til opplæringslova § 20-3 og forskrift til privatskulelova kapittel 4.

- Kontaktlærer informerer om rutinar og fråværsoppfølging ved oppstart kvart skuleår.
- Den som har omsorgsansvar, har plikt til å få barnet på skulen.
- All uro for elev skal takast opp med heimen. Møte og tiltak skal dokumenterast i referat frå møte, og med «Stafettlogg».
- Heilskapleg forståing ("24-timarsbarnet", familie, skule og eventuelt andre instansar).
- Anerkjenna eleven si oppleving av situasjonen.
- Kartleggja årsaker og oppretthaldande faktorar, jamfør vedlegg 8.2: Risiko og beskyttande faktorar og vedlegg 8.4: Kartleggingssamtalar skule, elev og føresette<sup>5</sup>.
- Analyse og tiltak ut frå kartlegging.
- Haldninga hjå alle involverte må vera at eleven skal gå på skulen.
- Alle har ansvar for å hjelpa foreldre med å få eleven tilbake på skulen.

---

<sup>5</sup> Vedlegg 8.4: Kartleggingssamtalar skule, elev og føresette




- Systematisk og vedvarande innsats: Alle involverte partar må forplikta seg til å følgja saka over tid.

### 5.3 Retningslinjer ved skulefråvær

- Om ikkje eleven møter på skulen, blir heimen kontakta. \* Barnekonvensjonen må fylgjast.
- Om eleven har problematisk fråvær, tek skulen initiativ til samtale med elev og foreldre/føresette.
- Om barnet kjem inn i opplæring igjen, er saka løyst.
- Om eleven ikkje møter på skulen vert saka tilvist PPT, eventuelt andre instansar.
- Det blir etablert samarbeids- eller ansvarsgruppe.
- Dersom skulen vurderer at fråværet er grunngeve i omsorgssituasjonen, blir saka meldt til barnevernstenesta.
- Avklara rolle- og ansvarsdeling i arbeidet.
- Ha jamlege møte med alle involverte partar gjennom samarbeids- eller ansvarsgruppemøte:
  - Skapa felles problemforståing- felles målsetting.
  - Analyse: Kartlegging og ressursar kring eleven.
  - Avtala møte og gjennomføring av tiltak. Elevar med skulevegving skal "ha på seg sko" og vera i opplæring utanfor heimen i overgangsfase tilbake til skulen.
  - Setja i verk tiltak, samordna- og framleis sikra og utvikla felles problemforståing.
  - Evaluering- halda fram med tiltak, eventuelt nye tiltak inn i plan

### 5.4 Systematisk oppfølging av skulefråvær

Denne modellen viser korleis skulane i Etne og Vindafjord arbeider med fråvær. Du finn systematisk sjekklister til hjelp i arbeidet med å fylgja opp systematisk; sjå vedlegg 8.1<sup>6</sup>. Tiltak ein set inn vert dokumentert i Stafettloggen. Samarbeidsavtalar med evaluering er nyttig verktøy, sjå vedlegg 8.5<sup>7</sup>.



<sup>6</sup> Vedlegg 8.1 Sjekklister for systematisk oppfølging

<sup>7</sup> Vedlegg 8.5 Samarbeidsavtale for skulenærsvær- kvar time tel!



## 6. Sjukdom med behov for å vurdere opplæring heime eller fritak frå opplæringa

I særlege situasjonar kan omsynet til eleven føra til behov for å frita eleven heilt eller delvis frå opplæringa. Det må liggja føre søknad frå foreldre. Lege skriv dokumentasjon som sakkunnig uttale knytt til helse, og PPT skriv sakkunnig vurdering knytt til opplærings situasjonen. Sakkunnige vurderingar kan i slike saker gjelda for ein kortare periode. Er barnet innlagt på sjukehus, er det Fylkeskommunen som har ansvar for opplæring; også eventuelt fritak. Rutinen finn du som vedlegg 8.6<sup>8</sup>.

Lenkje til Udir sitt regelverk finn du her: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Elever-med-sarskilte-behov/Udir-6-2014/5/>

## 7. Dokumentasjon ved bekymringsmelding til barnevernet

Bekymringsmelding til barnevernet skal følgja reglane for «Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom – familier» (KS 2019)

Bekymringsmelding til barneverntenesta skal leverast skriftleg, med mindre bekymringa er av ein slik karakter at det er naudsynt at barneverntenesta får informasjonen raskt. Bekymringsmeldinga må innehalda opplysningar om kva barn det gjeld og kva bekymringa gjeld, personalia som fødselsnummer, adresse og telefonnummer til foreldre. Skulen bør skriva ned kva observasjonar dei har gjort og kva som er gjort frå skulen si side i samband med innhaldet i bekymringsmeldinga. Oversyn over samtalar og møte med barnet og foreldra, samt eventuelt møte med andre offentlege instansar er nyttig informasjon for barneverntenesta.

Bekymringsmelding til barneverntenesta skal som hovudregel skje i samråd med foreldra til barnet og i samråd med barn over 15 år. Informasjon om møte der foreldra blir informerte om bekymringsmeldinga og innhaldet i ho, samt korleis dei stiller seg til at skulen sender bekymringsmelding er viktig å ha med i meldinga. Dersom foreldra blir informerte om bekymringsmeldinga, men ikkje samtykker, skal den likevel sendast om situasjonen er alvorleg. Det barneverntenesta sitt ansvar å vurdere om vilkåra i lova er oppfylt for å starta ei undersøking. Bekymringsmeldinga skal då sendast og ein presiserer i meldinga at foreldra er informerte, men at dei ikkje samtykker til at skulen sender bekymringsmelding.

I nokre tilfelle skal skulen overlata til barneverntenesta og eventuelt politiet å vurdere når og på kva måte foreldra skal bli informert. Dette er for å sikra at barneverntenesta ikkje bli hindra i å gje barnet (eller andre) tilstrekkeleg vern, og for å sikra eventuelle bevis. Døme på når ein let vera å informera

---

<sup>8</sup> Vedlegg 8.6: Rutine fritak frå opplæringsplikta ut frå opplæringslova §2.1. 4.ledd



foreldra er når det er mistanke om seksuelle overgrep, eller vald mot barnet, eller nokon som står barnet nær, eller dersom det å informera foreldra kan føra med seg fare for liv eller helse for nokon.

Dersom ein er usikker på om observasjonane ein har gjort gjev grunnlag for å senda bekymringsmelding, kan ein ringja barneverntenesta for å drøfta saka anonymt.

NB! Avvik på rutinen bør meldast i Risk... Du finn lovtekst om barneverntenester i vedlegg 8.7<sup>9</sup>.

### [Lovtekst om barneverntenester](#)

Lenker i teksten:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Ovrige-tema/Udir-10-2012/3-Opplysningsplikt-pa-eget-initiativ-meldeplikten/>

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/forskning-og-utvikling/verktoy/taushetsplikt-arbeid-barn-og-unge.pdf>

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_17#KAPITTEL\\_17](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_17#KAPITTEL_17)



www.pixabay.com

---

<sup>9</sup> Vedlegg 8.7 Eit utval av lovtekstar som omhandlar barneverntenesta



## 8. Vedlegg med verktøy til systematisk arbeid

### 8. 1: Sjekkliste for systematisk oppfølging

STEG	
1	<b>FØRING AV FRÅVÆR OG SKULEN SIN ANALYSE</b> Alt fråvær skal registrerast av faglærer/kontaktlærer dagleg. Kontaktlærer skal ha oversikt over fråværet i klassen, og tar opp i klasseteammøte om elevar som har 5 dagar fråvær (både gyldig og ugyldig), 5 enkelttimar på ein måned og/eller 3 forseintkomingar. Bruk verktøy vedlegg 7.4.
2	<b>ELEVSAMTALE</b> Kontaktlærer gjennomfører ein kartleggingsamtale med elev for å finne moglege årsaker til fråværet. Bruk verktøy i vedlegg 7.4
3	<b>SAMTALE MED FORELDRE/ FØRESETTE</b> Kontaktlærer, saman med sosiallærer der denne finst, kallar inn elev og føresette til møte, for å starta kartlegging av moglege årsaker til fråværet. Bruk verktøy i vedlegg 7.4
4	<b>NYTT MØTE MED FORELDRE/ FØRESETTE</b> Dersom situasjonen ikkje betrar seg innan ein måned, gjer ein avtale om nytt møte med føresette og elev, der også avdelingsleiar er med på møtet. Kopla på støttetjenester ved behov.
5	<b>DERSOM FRÅVÆRET HELD FRAM</b> Om fråværet held fram, vil skulen kalla inn PPT og eventuelt helsesjukepleiar, til eit samarbeidsmøte og vurdere ei tilvising til PPT. Skulen, foreldra og eleven skriv ein samarbeidsavtale, der ein saman kjem fram til delmål og tiltak for å få eleven på skulen. Dette vert dokumentert i «Stafettloggen».
6	<b>TILVISA SAK TIL PPT</b> PPT kartlegg saka og innkallar til samarbeidsmøte.
7	<b>HEIMEBESØK</b> Skulen tilbyr heimebesøk kvar morgon dersom fråværet held fram. Målet med heimebesøk er ikkje å henta eleven, men skapa ei forventning til at eleven kjem på skulen.
8	<b>BEKYMRINGSMELDING</b> Dersom ikkje oppmøtet betrar seg, vil rektor drøfta saka med barnevernet anonymt, eller med namnet til eleven om ein har samtykke. Foreldre kan samtykka til å søkja hjelp hos barnevernet. I alvorlege situasjonar har skulen plikt til å senda ei bekymringsmelding.



## 8. 2: Risikofaktorar og beskyttande faktorar

<b>Elev</b>	
<b>Risikofaktorar</b>	<b>Beskyttande faktorar</b>
Genetikk der eleven er psykisk sårbar Eleven har innagerande åtferd Angst knytt til separasjon, det sosiale, prestasjon Bekymring for anna enn skule som foreldre, familie Eleven har utviklingsproblem, lærevanskar	Eleven har eit positivt sjølvbilete Eleven er trygg og sjølvstendig Eleven har gode relasjonar på skulen- minst ein god venn Eleven meistrar det Skulefaglege Eleven har fritidsinteresser
<b>Familie</b>	
<b>Risikofaktorar</b>	<b>Beskyttande faktorar</b>
Tilhøve i heimen som vald, rus, vanskar psykisk/fysisk Samspelsvanskar og mangel på struktur og grense Endring i familiestruktur Ein føresett lite involvert Foreldre som ikkje toler barnet sitt stress Omsorgssvikt Foreldre sin skulehistorie	God psykisk helse hos føresette Trygg tilknytning med utviklingsstøttande omsorg Godt samarbeid mellom føresette og skule Familien har støtte i sosialt nettverk Tydeleg grensesetjing
<b>Skule</b>	
<b>Risikofaktorar</b>	<b>Beskyttande faktorar</b>
Mangelfulle rutinar for registrering av fråvær Svak haldning og handtering til fråvær Dårlig klasseleiing (reaktiv, autoritær, ettergjevande eller forsømande) Uklare forventningar til prososial åtferd Negativt psykososialt skulemiljø- mobbing Lite tilpassa opplæring Dårlig relasjon lærar og elev Høgt fråvær/ turnover i lærargruppa Lav kompetanse om psykiske vanskar hos barn Segregerte tilbod til elevar med åtferdsvanskar	Gode fråværsrutinar God klasseleiing Få og klare felles reglar og regelhandheving Godt fungerande tilpassa opplæring God relasjon mellom lærar og elev Godt samarbeid mellom foreldre/føresette og skule God informasjonsflyt ved overgangar Tidleg involvering av andre instansar ved fråvær Kollektiv skulepolitikk og handlingsplan for å utvikla trygt, inkluderande læringsmiljø



### 8. 3: Elev, føresett og rollar i tverrfagleg samarbeid

ELEV	<p><b>Eleven</b> har rett og plikt til opplæring. Fråvær fører til tap av progresjon i opplæringa. kan få konsekvens for ordenskarakteren. Fråvær vert ført på vitnemålet.</p>
HEIM	<p><b>Føresette</b> skal samarbeida for å sikra egne barn sin rett og plikt til opplæring. Føresette skal syta for at barna får opplæring og utdanning etter barn og unge sine evner og føresetnader. Føresette har ansvar for å samarbeida med skulen om fråvær. I tillegg har føresette ansvar for å avgrensa fråvær frå opplæringa mest mogeleg og leggja feriereiser utanom skuleåret.</p>
SKULEN	<p><b>Skulen</b> har plikt å gje elevar offentleg grunnskuleopplæring. Skulen skal sikra eit godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring, gje elevar tilpassa opplæring og samarbeida med heimen. Skulen skal ha rutinar og system for å førebyggja og oppdaga problematisk skulefråvær på eit tidleg tidspunkt. Skulen skal syta for at tiltak knytt til stort skulefråvær vert følgt opp med samarbeid med elev, føresette og andre involverte partar. Arbeidet må gjennomførast med analyse, skriftleg dokumentasjon, tiltak, grunningjeving, informasjon og evaluering. Skulen har plikt å melda frå dersom ein er vitne til at elevar ikkje har det bra og ta tidleg kontakt med aktuelle samarbeidspartar ved behov for rettleiing, utgreiing av eleven sitt behov i opplæringa eller dersom skulen vurderer at det er behov for tiltak i heimen eller behandling for eleven. Opplæringslova §1-1, §2-1, §5, §9a, §9a-7, og §13-3 og Forvaltningslova §17, 23, 24 og 27</p> <p><a href="#">Opplæringslova § 15-3 Opplysningsplikt på eget initiativ</a></p>
PP-TENESTA	<p><b>PPT</b> er eit rådgjevande og sakkunnige organ i spørsmål som omhandlar barn og ungdom i alderen 0-16 år og vaksne som har behov for spesialundervisning knytt til vaksenopplæring. PPT skal utarbeida sakkunnige vurderingar i forhold til spørsmålet om retten til spesialundervisning basert på om eleven kan få utbytte av den ordinære opplæringa, §5.1, eller i situasjonar der det er urimeleg at eleven skal fylgja ordinær opplæring, i tråd med Opplæringslova §2-1 4.ledd.</p> <p>Sakkunnig vurdering skal alltid utarbeidast dersom utsett skulestart skal vurderast for eitt barn, om ein ønsker å få vurdert om ein elev skal hoppa over eitt skuleår eller om ein elev har behov for å verta fritaken for opplæring, heilt eller delvis. PPT skal jobba på systemnivå med å leggja til rette for undervisning for alle elevar. Dette vert gjort gjennom rettleiing og rådgjeving. PPT kan delta på skulen sitt ressursteam, om skulen har dette. I saker med problematisk skulefråvær, kan PPT kartleggja eleven og delta på tverrfaglege møte eller samarbeidsmøte og gje rettleiing til skule og føresette om tiltak.</p>





<b>HELSETENESTA OG SPESIALISTHELSETENESTA</b>	<p><b>SKULEHELSETENESTA</b> har ansvar for å samarbeida med føresett/ skule om god helseutvikling for barn i alderen 6-16 år og kan kontaktast om skulefråvær er grunngeve i fysiske eller psykiske plager. Retningslinjer for samarbeid finn ein på <a href="#">Samhandling med skole - Helsedirektoratet</a>. Skulehelsetenesta har ansvar for eit systemretta samarbeide med skule og bidra til å sikra elevane eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulehelsetenesta kan kontaktast munnleg og skriftleg for helsehjelp/foreldrerettleiing i samband med skulefråvær. Eleven sjølv, foreldre, skule, barnevern og PPT, fastlege eller andre helsetenester, kan ta kontakt. Skulehelsetenesta skal òg ha kjennskap til elevpopulasjonen sin helsetilstand gjennom tenesta sine oppgåver, kontakt med elevar, foreldre og skule samt tilgjengelege kjelder og verktøy til informasjon eks. elevråd, lærarsamarbeid, SLT, politi, barnevern, UNGDATA, folkehelseprofil, og FAU.</p> <p><b>Familieteam i Vindafjord og ungdomsteam psykisk helse</b> i Etne har ansvar for å vera med i systemretta arbeid og gje oppfølging av elevar med psykososiale vanskar i samarbeid med foreldre; samt rettleia foreldre. Foreldre, skule, barnevern og PPT eller andre, kan senda skriftleg tilvising.</p> <p><b>Fastlege</b> har ansvar for å avklara eleven sin helsetilstand og kan tilvisa eleven vidare til spesialisttenesta.</p> <p><b>BUP</b> er eit poliklinisk helsetilbod innafor psykisk helsevern som rettar seg mot barn og ungdom under 18 år og familiane deira. Barneverntenesta og fastlege kan tilvisa til BUP med samtykke frå foreldre. Barn over 16 år må samtykka til tilvising til BUP. BUP kan ikkje frita ein elev frå opplæringsplikta.</p>
<b>BARNEVERNSTENESTA</b>	<p><b>BARNEVERNSTENESTA</b> skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barneverntenesta arbeider med heimel i Lov om barneverntenester. Lova skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår. Barneverntenesta undersøker bekymringsmeldingar som kjem inn, og kan gje tilbod om ulike hjelpetiltak som ein del av kommunen sitt samla tenestetilbod. Hjelpetiltak er frivillig, men kan påleggast av fylkesnemnda i særskilte saker kor det er naudsynt for å sikra barnet god nok omsorg. Vanlege hjelpetiltak som barneverntenesta gir tilbod om er til dømes familierettleiing, økonomisk støtte til barnehage eller SFO, besøksheim, støttekontakt. Rettleiinga som blir gitt, blir individuelt tilpassa etter familiens behov, men mange får rettleiing med fokus på relasjon mellom føresette og born og rettleiing med fokus på emosjonell og praktisk omsorg. I praktisk omsorg ligg til dømes rutinar knytt til måltid og leggetider, oppfølging av fritidsaktivitetar og lekser. Barneverntenesta kan også tilvisa eit barn eller familien vidare til andre instansar som t.d. BUP og PPT, eller setja i verk tiltak som MST i samarbeid med Bufetat.</p> <p>I sær s alvorlege saker kor barnet si helse og utvikling kan bli skada ved å bli verande i heimen kan barneverntenesta sin leiar fatte vedtak om akutt plassering. Vilkåra for ei akutt plassering er til dømes at omsorgspersonane er ute av stand til å gje barnet forsvarleg omsorg, rusmisbruk, vald eller overgrep.</p> <p>I enkelte saker, kor hjelpetiltak ikkje er tilfredsstillande for å gje barnet den omsorg og tryggleik det har krav og rett på, kan barneverntenesta fremme vedtak om omsorgsovertaking. Dette blir avgjort i fylkesnemnda. Dersom kommunen overtek omsorga for barnet, vil barnet bli plassert i godkjent fosterheim eller institusjon.</p> <p><a href="#">Lov om barneverntjenester §4-12 A-D og §4-24</a></p>



## 8.4: Kartleggingsamtalar skule, elev og føresette

### 8.4.1: Skulen si kartlegging og analyse av eleven sin situasjon

SPØRSMÅL FOR Å KARTLEGGJA SKULESITUASJONEN	NOTAT
<b>Fråvær og vegringsåtfærd hos eleven</b> (Frekvens av fråvær, fråværsmonster, fråvær knytt til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. Mønster av vegringsåtfærd utan fråvær, det vil seia at eleven prøver å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar)  Har eleven tidlegare i skuleløpet hatt mykje fråvær eller vist teikn til vegringsåtfærd?	
<b>Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?</b>	
<b>Vurdering av skulefagleg eller sosial kompetanse</b> Fag/ område der eleven viser meistring eller trivsel Fag/område der eleven har vanskar	
<b>Enkeltsituasjonar</b> der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?	
<b>Kva viktige vaksenrelasjonar</b> har eleven på skulen og korleis fungerer desse?	
<b>Er skuledagen organisert, strukturert og føreseieleg for eleven?</b>	
<b>Kva tiltak er prøvd ut på skulen</b> og korleis har dette fungert?	
<b>Kva tiltak sett i verk i samarbeidet skule og heim. Korleis har dette fungert?</b> Om det er delt omsorg; er begge føresette samarbeidspartar? Korleis involvera begge?	
<b>FORSLAG TIL TILTAK: Kva kan skulen gjera?</b>	

Dato og underskrift: \_\_\_\_\_



#### 8.4.2: Eleven si stemme – skulen sin samtale med eleven

SPØRSMÅL FOR Å KARTLEGGJA – LYTTA TIL ELEVEN SI STEMME	NOTAT
<b>Kva fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen likar du?</b>	
<b>Er det aktivitetar, fag eller situasjonar du opplever som ubehagelege eller vanskelege?</b> (Les høgt, svara på spørsmål i klassen, ha prøvar, kroppsøving, fag der du må eksponera deg i ei gruppe, snakka med vaksne på skulen, be lærar om hjelp, jobba saman med eller leika med medelevar, bruka skulen sitt toalett, eta i klassen, dra heimanfrå om morgonen, forlata foreldre, skulevegen..)	
<b>Har du vonde kjensler knytt til nokon av situasjonane ovanfor eller meir generelt i høve skulesituasjonen?</b> <b>Kva slags kjensler?</b> (trist, flau, redd, nervøs, engsteleg, sint)	
<b>Har du uro for noko eller har du opplevd noko utanom skulen du er opptatt av/uroleg for?</b>	
<b>Har du negative tankar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i høve skulesituasjonen? Kva tenkjer du?</b> (uro, negative forventningar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg)	
<b>Blir du plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?</b>	
<b>Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skulen i skuletida som gjer det meir freistande for deg enn å gå på skulen?</b> (dataspel, møta venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer)	
<b>Har du noko anna du har uro for eller har du opplevd noko utanom skulesituasjonen som du er oppteken av?</b>	
<b>Kva lærarar eller andre vaksne på skulen har du eit godt forhold til?</b> (Og kven har du eit negativt forhold til?)	
<b>Situasjonar der du klarer å møta på skulen. Kvifor går dette bra?</b>	
<b>Er skuledagen organisert, strukturert og forutsigbart for deg?</b> (planar, fag, dagsplan med kva lærarar eller assistentar som er inne i dei ulike timane, kven du skal gå til dersom det er behov for ein samtale)	
<b>Kva viktige vaksenrelasjonar har du på skulen?</b>	
<b>Er det foreldre eller andre vaksne du er saman med utanfor skulen i skuletida som du likar å vere saman med?</b>	
<b>Har du venner/ gode venner? Kven?</b>	
<b>Har du ynskje og mål for korleis skulesituasjonen skal vera?</b>	
<b>Kva tid legg du deg?</b>	
<b>Kva vanar har du med mobil, nettbrett, TV etter legging?</b>	
<b>FORSLAG: Kva skulen kan gjere for å hjelpe deg? Og kva kan du gjera?</b>	

Dato og underskrift: \_\_\_\_\_



### 8.4.3: Føresette si stemme- skulen sin samtale med dei føresette

KARTLEGGING AV SKULESITUASJON	NOTAT
<b>Føresette si oppleving av eleven si generelle trivsel, på skulen og fritida</b>	
<b>Føresette si skildring og forståing av eleven sine vanskar. Kva tenkjer foreldre er forklaringa?</b>	
<b>Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?</b>	
<b>Skildring av evt. vegringsåtfærd heime</b> (er det vanskeleg å få eleven til å gå på skulen om morgonen, har eleven fysiske plager i samband med krav om skuleoppmøte, men er elles frisk)	
<b>Dersom eleven har fråvær, kva skjer i tida eleven er borte frå skulen?</b> (skulearbeid, dataspel, mobil, film, besøk av familie, merksemd frå foreldre/føresette, treff vener)	
<b>Helsemessige tilhøve av betydning for eleven si fungering og fråvær</b> (sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst, legekontakt)	
<b>Har det skjedd plutselige endringar eller belastningar i familien som kan setjast i samband med eleven sine vanskar?</b>	
<b>Enkelt situasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i.</b> Kva tankar har foreldre/ føresette kvifor gjekk det bra i situasjonen?	
<b>Foreldre/ føresette si ansvarsdeling når det gjeld å fylgja opp skule og skuleoppmøte?</b>	
<b>Samarbeider familien med andre instansar? Kven?</b>	
<b>Har familien andre støttespelarar?</b>	
<b>Kva tiltak er prøvd heime og korleis har desse fungert?</b> (morgonrutine, byte av rolle mellom foreldre/føresette, samtale med eleven, søvnmønster, søvn utan mobil/TV/data)	
<b>Foreldre sine ønske og mål for eleven si framtidig fungering?</b>	
<b>Leggetider</b>	
<b>Mobil, nettbrett, TV etter legging?</b>	
<b>FORSLAG:</b> Kva kan føresette og skulen kan gjere for å hjelpe eleven?	

Dato og underskrift: \_\_\_\_\_



## 8. 5: Samarbeidsavtale for skulenærvær – kvar time tel!



VINDAFJORD  
KOMMUNE

ETNE  
KOMMUNE



### SAMARBEIDSAVTALE FOR SKULENÆRVÆR\*

Stad og dato:
Kven deltok i utarbeiding av avtalen:
<b>LANGSIKTIG MÅL FOR SAMARBEIDET</b> (Det langsiktige målet vil som regel vera at eleven går på skulen kvar dag etter avtalt timeplan)
<b>DELMÅL OG TILTAK.</b> Delmåla vil vera ei auka utfordring for eleven og skal leggja til rette for meistring. Viktig å spesifisera tid for delmål (fag, situasjon, dagar med deltaking/, behov for tilrettelegging og støtte i utfordrande situasjonar).
Delmål 1: Tiltak:
Delmål 2: Tiltak:
DELMÅL 3: Tiltak:
<b>ANSVARSEDELING:</b> Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde Leiinga ved skulen har ansvar for:  Kontaktlærer har ansvar for:  Føresette har ansvar for:  Eleven har ansvar for:  Andre involverte partar har ansvar for (PPT, Helsesjukepleiar, barnevern, BUP):
<b>PLAN B:</b> Dersom eleven ikkje møter som avtalt skjer dette (Spesifiser kven som gjev informasjon/ ringjer til kven og kven som gjer kva for å leggja til rette for at eleven skal delta). Kven gjer kva?
Avtalen gjeld i perioden (dato) og skal evaluerast (dato)
Signatur på avtalen

\* Hugs å lasta opp samarbeidsavtalen som vedlegg i stafettloggen under «notat»



VINDAFJORD  
KOMMUNE

ETNE  
KOMMUNE



## EVALUERING AV SAMARBEIDSAVTALEN

Stad og dato:  Desse var med på evalueringa:
<b>Evaluering av delmål og tiltak:</b>
Evaluering delmål 1: Tiltak:
Evaluering delmål 2: Tiltak:
Evaluering delmål 3: Tiltak:
<i>Evaluering plan B</i>
På grunnlag av evalueringa er det avtalt følgande (kryss av): <input type="checkbox"/> Det er ikkje lengre behov for systematisk oppfølging <input type="checkbox"/> Det er behov for å vidareføra samarbeidsavtale <input type="checkbox"/> Det er behov for å utarbeida ny samarbeidsavtale <input type="checkbox"/> Det er behov for vidare tilvising til PP-tenesta, BUP, barnevernstenesta eller at andre instansar vert vurdert
Signatur på avtalen



## 8. 6: Rutine for fritak frå opplæringsplikta ut frå opplæringslova §2.1, 4.ledd



VINDAFJORD  
KOMMUNE

ETNE  
KOMMUNE



### Fritak frå opplæringsplikta, Opplæringslova §2-1, 4.ledd

Id	Kva	Heimel	Ansvar	Anna merknad
<b>1.</b>	<b>Fase 1: Fråværsføring</b>			
1.1	Føra og dokumentera fråvær		Kontaktlærer	Kontinuerleg
1.2	Om ikkje føresette tek kontakt, tek kontaktlærer kontakt med heimen.		Kontaktlærer	Det kan gjevast permisjon inntil to veker ut frå opplæringslova §2-11
1.3	Om fråværet er lengre enn to veker, vert rektor informert skriftleg.		Kontaktlærer	Gjeld også fråvær ved sjukdom.
1.4	Kontaktlærer og rektor har møte og går gjennom fråværet. Føresette vert kalla inn til møte.		Rektor/ kontaktlærer	Informera foreldre/føresette om saksgang. Tiltak vert avtalt.
<b>2.</b>	<b>Fase 2: Dokumentasjon</b>			
2.1	Foreldre skaffar dokumentasjon frå lege på fråværet 1)		Føresette	Ein elev kan verta fritaken frå opplæringsplikta i enkelte situasjonar, t.d. ved alvorleg sjukdom
2.2	Foreldre skriv samtykkeerklæring	Oppl.l §2-1,4.ledd	Rektor	Samtykke vert gjeve til at PPT kan gjera sakkunnig vurdering etter §2-1,4.ledd
<b>3.</b>	<b>Fase 3: Sakkunnig vurdering</b>	Oppl.l §2-1, 4.ledd		
3.1	PPT undersøker saka saman med elev, foreldre/føresette og skule og skriv sakkunnig vurdering etter §2-1, 4.ledd	Oppl.l §5-4	PPT	Saksutgreiingstid 1 månad. Utgreiinga må dokumentera fag og timetal.
<b>4.</b>	<b>Fase 4: vedtak og klage</b>			
4.1	Kommunen v/ kommunalsjef fattar einskildvedtak til elev sitt beste.	Forv. lova §11a	Kommunalsjef	Einskildvedtak kan gje eleven rett til å få opplæringa igjen på eit seinare tidspunkt.
4.2	Vedtaket vert sendt til foreldre/føresette og skulen		Kommunalsjef	
4.3	Informere føresette om klagerett	Forv.lova §28	Kommunalsjef	Einskildvedtaket skal informera føresette om retten til å klage.
4.4	Behandle eventuell klage på vedtak	Oppl.l. §15-2	Kommunalsjef	Dersom vedtak vert oppretthalde, skal klage sendast til Fylkesmannen
4.5	Arkivering av vedtaket		Kommunen	Websak- elektronisk elevmappe

Lege skriv dokumentasjon og er sakkunnig uttale knytt til helse. PPT skriv sakkunnig vurdering og er sakkunnig knytt til opplærings situasjon og fritak. Sakkunnige vurderingar kan i slike saker gjeld ofte for ein kortare periode. Er barnet innlagt på sjukehus, er det fylkeskommunen som har ansvar for opplæring og fritak. Viser til <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Elever-med-sarskilte-behov/Udir-6-2014/5/>



## 8. 7: Eit utval av lovtekstar som omhandlar barneverntenesta

### Opplæringslova § 15-3 Opplysningsplikt på eigeinitiativ

Tilsette i skulen skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.

Tilsette i skolen skal utan hinder av teieplikta melde frå til barneverntenesta utan ugrunna opphald

- a) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt,
- b) når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekt sitt særlege behov for behandling eller opplæring,
- c) når eit barn viser alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmiddel eller ei anna form for utprega normlaus åtferd,
- d) når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.

Alle som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, pliktar også å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernloven § 6-4.

**(Lovdata: Opplæringsloven, 1998)**

Opplysningsplikta trer inn ved **alvorlege** tilfelle kor det er fare for at barnet vil ta **vesentleg** skade. Det er ikkje tilstrekkeleg at barnet ikkje lever under optimale forhold. I kva situasjonar opplysningsplikta føreligg vil vera avhengig av kva bekymringa gjeld. Det er ikkje meininga at skulepersonalet skal ta stilling til om dei enkelte vilkåra for å fatte vedtak etter barnevernlova er oppfylt. Skulepersonale skal vurderer barnets omsorgssituasjon utifrå sin faglege ståstad og sin kjennskap til barnet og familien. (UDIR, 2012)

Plikta kviler på den einskilde tilsette, då det er denne som gjer dei observerer eller får informasjon frå barnet som vekker mistanke om omsorgssvikt. (KS, 2019)

### Lov om barneverntjenester §4-12 A-D og §4-24

I opplæringslova § 15-3 andre ledd er det vist til barnevernloven §§ 4-10, 4-11, 4-12 og 4-24. Under kjem meir utfyllande om innhaldet i §4-12 og §4-24. Skulen skal ikkje ta stilling til om vilkåra er oppfylt, og barneverntenesta forventar ikkje at de viser til paragrafane i bekymringsmeldinga. Oversikten under er berre meint som hjelp til dykk når de er usikre på om bekymringa de har for eit barn er av ein slik karakter at den utløyser opplysningsplikta. Oversynet er henta frå UDIR 2012.

#### §4-12 første ledd bokstav C

Mishandling eller andre alvorlige overgrep

Et barn blir mishandlet eller utsatt for andre alvorlige overgrep i hjemmet. Bestemmelsen omfatter både fysisk mishandling, seksuelle overgrep, psykisk sjikane, trakassering og vedvarende mindre overgrep.

#### § 4-12 første ledd bokstav A

Alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller i forhold til den personlige kontakt og trygghet barnet trenger.

Det er alvorlige mangler ved den daglige omsorg barnet får eller alvorlige mangler i forhold til den personlige kontakten og tryggheten barnet trenger etter sin alder og utvikling.

Dette omfatter alvorlige mangler i den daglige fysiske eller materielle omsorgen. Her vil barnets behov for trygge boforhold og oppfølging av mat og klær stå sentralt. Bestemmelsen omfatter også alvorlige mangler ved oppfølgingen av instanser som er viktige og nødvendig for barnets fungering i





hverdagen og for barnets utvikling fremover. Oppfølging av helsestasjon, barnehage og skole er nevnt som eksempler på slike instanser.

Dette omfatter også situasjoner hvor det er alvorlige mangler i den psykiske eller følelsesmessige omsorgen. Det kan være tilfeller der foreldrene avviser barnet følelsesmessig og tilfeller hvor foreldrene ikke er i stand til å dekke barnets kontaktbehov. Begrepene omfatter også situasjoner hvor tvang eller vold i hjemmet skaper fysisk eller psykisk utrygghet hos barnet. Psykiske lidelser hos foreldrene, som igjen påvirker barnet, er også fremhevet i forarbeidene på forhold som kan forårsake utrygghet hos barnet.

#### **§4-12 første ledd bokstav D**

Overveiende sannsynlig at barnets helse eller utvikling kan bli alvorlig skadet

Det er overveiende sannsynlig at barnets helse eller utvikling kan bli alvorlig skadet fordi foreldrene er ute av stand til å ta tilstrekkelig ansvar for barnet. Bestemmelsen gjelder for de tilfeller der foreldrene mangler de personlige forutsetning er for å ha ansvaret for barnet.

#### **§4-24**

Vedvarende alvorlige atferdsvansker ved alvorlig eller gjentatt kriminalitet, ved vedvarende misbruk av rusmidler eller på annen måte.

Alvorlig eller gjentatt kriminalitet

Alvorlig kriminalitet omfatter alvorlige volds- og/- eller sedelighetsforbrytelser, mens gjentatt kriminalitet blant annet er tilfeller der barnet har gjort seg skyldig i serier av tyverier eller hærverk.

Vedvarende misbruk av rusmidler

Begrepet vedvarende understreker at ikke enhver bruk av rusmidler er tilstrekkelig.

Misbruket må være omfattende både i omfang og tid. Varigheten og omfanget må likevel til en viss grad vurderes opp mot barnets alder.

#### **Alvorlige atferdsvansker på annen måte**

Kriteriet omfatter de mer sammensatte problemene og er definert som annen form for utpreget normløs atferd. Det er ikke noe lavere terskel for å ta i bruk dette alternative enn de to foregående alternativene, problemenes alvorlighetsgrad må ligge på det samme nivået. Det er den normløse atferden, og ikke mer introverte problemer, som for eksempel alvorlige spiseforstyrrelser, som utløser tiltak etter dette alternativet. Alternativet omfatter prostituerte og de såkalte gatebarna.

Noen eksempler på hva som kan omfattes av alternativet er fravær fra hjemmet, unndragelse av voksenkontroll for øvrig og draging mot uoversiktlige miljøer med eldre ungdom. Ugyldig skolefravær eller at en elev er helt falt ut av skolen er ikke alene tilstrekkelig til at bestemmelsen tas i bruk. Fravær kan være et av flere symptomer på normoppløsning, og dette må ses i sammenheng med den totale livsførselen.

**(UDIR, 2012)**



## 9. Gode nettressursar i arbeidet

**Faktapresentasjon (2019)** - Trude Havik: [https://psykiskhelse.no/skolevegving\\_fakta](https://psykiskhelse.no/skolevegving_fakta)  
Filmsnutt 5 min m/Trude Havik- til bruk for tilsette og på foreldremøte

**Utenforskap - «Voksne for barn»** <https://vfb.no/vart-arbeid/arkiv/utenforskap/>

**Psykologisk førstehjelp for barn og unge**, Solfrid Raknes,

[https://www.google.com/search?q=psykologisk+f%C3%B8rstehjelp+undervisning&rlz=1C1GCEU\\_noNO847NO862&oq=psykologisk+f%C3%B8rstehjelp&aqs=chrome.0.35i39j69i57j0l8.8031j0j7&sourceid=chrome&ie=UTF-8](https://www.google.com/search?q=psykologisk+f%C3%B8rstehjelp+undervisning&rlz=1C1GCEU_noNO847NO862&oq=psykologisk+f%C3%B8rstehjelp&aqs=chrome.0.35i39j69i57j0l8.8031j0j7&sourceid=chrome&ie=UTF-8)

**Barn og unges helseteneste Helse Fonna** <https://helse-fonna.no/barn-og-unges-helseteneste>

**Skuleangst** <https://utdanningsforskning.no/artikler/2020/hva-gjor-vi-med-barn-som-er-redde-for-skolen/>

**Psykisk helse og fråvær – Utdanningsnytt** <https://www.utdanningsnytt.no/fagartikkel-fravaer-psykisk-helse/nar-skolefravaer-blir-et-problem/286549>

**Den nødvendige samtalen – KoRus** [https://www.youtube.com/watch?v=TunXqM\\_7MM](https://www.youtube.com/watch?v=TunXqM_7MM)  
<https://www.korus-stavanger.no/nyheter/ubehag-og-vanskelige-samtaler>  
<https://www.lillehammer.kommune.no/den-noedvendige-samtalen-med-foreldre.6107429-455968.html>



## 10. Kjelder

### Litteratur:

- Kearney C.A. & Albano A.M. (2007) *When children refuse school* Oxford university press
- Kearney C.A (2001) *School refusal behavior in youth*. American psychological association
- Stallard Paul (2009) *Anxiety Cognitive Behaviour Therapy* Routledge
- Thambirajah M.S. & Grandison K.J & De-Hayes L. (2008) *Understanding school refusal* Jessica Kingsley Publishers
- Sållmann JI & Holden B (2010) *Skolenekting. Årsaker, kartlegging og behandling*. Kommuneforlaget.
- Havik Trude (2018) *Skolefravær. Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring*

### Internettkjelder:

Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. Opplæringslova  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/forebygge-fravar-i-grunnskolen/forskning-om-fravar-og-narvar/>

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/saksbehandling/fravar/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/forebygge-fravar-i-grunnskolen/>

KS sin rettleiar : “Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn- ungdom – familiar” (KS 2019) <https://www.ks.no/fagomrader/barn-og-unge/barnevern/nyheter/taushetsplikt-i-arbeid-med-barn-ungdom-og-familier/>

Forskrift om miljøretta helsevern for barnehage og skole

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928> og

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073->

[Veileder.pdf](#)

Nittedal kommune: <https://www.nittedal.kommune.no/globalassets/01-bilder/barnehage-skole-sfo/ppt/hver-dag-teller.pdf>